



Atle Magne Austrheim
Øykjetona 16
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1963 - 19/22106

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
09.07.2019

Løyve til oppføring av tilbygg - gbnr 185/317 Isdal

Administrativt vedtak. Saknr: 421/19

Tiltakshavar: Atle Austrheim
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av påbygg/vinterhage på Øykjetona 16 og 18 med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 11 m² pr. bustad. Tiltaket gir ingen endring av bygd areal (BYA).

Det vert elles vist til søknad motteken 01.07.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 01.07.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område, omfatta av Juvikstølen bebyggelsesplanen, felt 10A.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå styret i sameige

Styret i «sameige 185/137» har etter møte 15.05.2019 ingen merknader til tiltaket.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 28.03.2019.
På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 4 meter.



Avstand til offentlig veg er opplyst å vere 8 meter.

Vatn og avløp (VA)

Tiltaket påverkar ikkje forhold rundt vatn og avlaup.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Ingen endringar.

VURDERING:

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønne gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av 2 påbygg på vertikaldelt tomannsbustad på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal oppførast og plasserast som vist i teikningar og situasjonsplan vedlagt søknad motteken 01.07.2019 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «19/1963»

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Atle Magne Austrheim
Nils Bjarne Lekva

Øykjetona 16
Øykjetona 18

5916
5916

ISDALSTØ
ISDALSTØ